

HERMAN

- 1 SAMLING / FRUKT  
85  
TRIMINUTT
- 2 MATTE  
BURSDAG TEGNING  
TIL HERMAN  
BESØK
- 3 SFO-SPISE-UTE
- 4 MARIHØNER 
- 5 RYDDE I KLASSEROM
- 
- SFO-HJEM



# BARN OG UNGE FYRST!

Ulike menneske  
like sjansar



# Barn og unge fyrst!

Ein god oppvekst varar livet ut. Difor set SV barn og unge fyrst. Satsar vi på skulen og barnehagen kan vi gje alle barn ein god start på livet.

## Utvida skuledag med leksehjelp

SV arbeider for ein god og gratis offentleg skule der alle lærer meir. Med SV i regjering er auken av privatskular stansa, og det har blitt 4.000 fleire lærarar i grunnskulen. Alle barn og unge skal lære seg å lese, skrive og rekne i trygge omgjevnader.

I dag er dei fleste barn på skulefritidsordninga både før og etter skulen. Men tilbodet på SFO er mange plassar for dårleg. SV vil heve kvaliteten på SFO og setje ned prisen. Alle elevar skal få tilbod om ein time gratis SFO med leksehjelp. Det tyder at elevane skal vere ferdige med skulearbeidet når dei kjem heim.

### SV vil:

- Utvide skuledagen med meir undervisning, fysisk aktivitet og skulemat
- Tilby alle elevar ein time gratis SFO med leksehjelp kvar dag
- Stille høge kvalitetskrav til SFO, og innføre ein makspris for foreldrebetaling

## Meir praksis i skulen

To av ti ungdomar fullfører ikkje vidaregåande opplæring. SV vil motverke fråfall i skulen gjennom meir praksis i undervisninga. Alle skal ha høve til å gjennomføre vidaregåande opplæring, utan omsyn til om kunnskapen sit i hovudet eller hendene.

### SV vil:

- Innføre eit nytt, praktisk arbeidslivsfag på ungdomsskulen
- Gjere det mogleg å velje eit meir praktisk løp på yrkesfag, der eleven kjem raskare ut i ei verksemd

## Fleire gode lærarar

Læraren er aller viktigast for kva elevane lærer på skulen. Gode lærarar med tid til elevane gjev betre læring. SV arbeider for at det blir tilsett fleire lærarar med høg kompetanse i skulen. Samstundes må lærarane få nytte meir av tida si på undervisning. **SV vil:**

- Utdanne og tilsetje fleire lærarar, og sikre alle et godt tilbod om etter- og vidareutdanning
- Gje lærarane rom til å nytte meir tid på elevane og mindre tid på administrasjon

## Auka kvalitet i barnehagen

Med SV i regjering er det blitt bygd rundt 60.000 nye barnehageplassar og prisen for plass i barnehage er kraftig redusert. No skal vi heve kvaliteten. SV vil tilsetje fleire dyktige førskulelærarar og innføre ei ordning med gratis barnehage for femåringar. **SV vil:**

- Innføre ei ordning med gratis barnehage for alle femåringar
- Utdanne og tilsetje fleire førskulelærarar

